



# SPRÅKET

Sylfest  
Lomheim  
skriv om  
språk kvar  
onsdag.

Utan nynorsken  
stansar bokmålet.

## *Fjøs-latin*

Aftenposten den 25. januar lokka fram god-smilet. Ikkje artiklane om Putin og Nav, men avisa sitt vokabular. No nytta ikkje Aftenposten ‘ordtilfang’ den dagen. Det kunne dei ha gjort, for dét gjer dei. Både vokabular og ordtilfang står i riksavisene. Aftenpostens førsteside-oppslag lydde: ‘Timelistene tyder på at ... ‘ Ein ingress inne i avisa lydde: ‘Da amerikanerne brått trakk seg ut av Afghanistan ... ‘

Kanskje tek du ikkje poenget, noko som provar kor djupt nynorsk og samnorsk står i moderne bokmål. ‘Tyda’ er ‘å gi inntrykk av; bety’, ‘brått’ er ‘plutselig’, ‘prova’, som eg nettopp brukte, er ‘bevise’. Både ‘brukte’ og ‘nytta’ – er bokmål. Om du trur at avisbokmålet anno 1930 nytta ‘ordtilfang’, ‘tyder’, ‘brått’, tek du feil.



**Mange får knapt** med seg (mennesket er sjarmerrande, men ganske nærsynt) at Aftenposten er like flinke som Dagsavisen og Klassekampen til å trekka ordbruken i samnorsk lei. Slik samfunnet ganske systematisk har gjort sidan verdskrigen. Det starta med frigjeringa i 1945. Det vart aldri 'frigjørelsen', kun 'frigjøringen'. Etter 1970 har det vore like mykje sakshandsaming som saksbehandling i Stortinget og aldri anna enn vedtak, merknad, trygd og søknader; ikkje 'beslutning', 'bemerkning', 'trygghet' og 'ansøkninger'. Det er få bokmålsbrukarar i dag som kan tenkja seg å gå attende til dei tradisjonelle bokmålsordna. Og slett ikkje dei på desken i avisene. For nynorskord (rettare sagt, ord som før berre var nynorskord) er i regelen kortare enn tradisjonelle bokmålsord. Altså

**MØ:**  
Slik fruer  
på Frogner  
på trettitalet  
såg på nynor-  
skord som no òg  
er bokmål.

meir funksjonelle, som desken seier. Ikkje for ingen ting slutta Kåre Willoch alt på 80-talet å snakka om 'forandringer'. Frå då av kom det kun 'endringer' or hans munn.

# «Mennesket er sjarme- rande, men ganske nærsynt»

**No kan du heller** ikkje ta drosje i Oslo utan å få kvittering på nynorsk – eller samnorsk. Der står tal og kroner og ‘løyve nr ...’ Ikkje noko anna. Dei med byggjeprosjekt i landet vårt har ikkje noko val, dei må byggja på basis av byggjeløyve. Løyve har for lenge sidan skubba det tradisjonelle ‘bevilling’ ut i ingenmannsland.

Kva kalla fruer på Frogner på trettalet slike nynorskord som no òg er bokmål? Fjøs-latin. I staden for ‘eksempel’ skriv bokmålsfolk i dag like gjerne ‘døme’. Eg vågar følgjande sentens: Utan nynorsken stansar bokmålet.

**Dessutan har nynorsk** svensk i ryggen. Eller omvendt. Testing av svenskar (som då ikkje veit om dei les bokmål eller nynorsk) syner at dei forstår nynorsk langt betre enn bokmål. ‘Betre’ er jo ‘bättre’. Selja, elska, skilja, samvit, tystnad, sjukare skilnad? Svensk alt saman – og nynorsk. Endra er ‘ändra’. Vakrare kjærleik? ‘Vackrare kärlek’. Gløym så ikkje at svensk er det desidert største språket i Norden! Nesten dobbelt så stort som dansk ...

Dessutan står nynorsk nærmere verdsspåket engelsk enn det bokmålet gjer. ‘Jeg tar’ er ‘I take’ (ai teik), på nynorsk ‘eg tek’ (ofte uttalt ‘e tek’). ‘Jeg synger’ er ‘I sing’, på nynorsk ‘e(g) syng’. Kor mange norsklærarar, eller Høgre-folk på Stortinget, framstiller nynorsken slik?

*Sylfest Lomheim,*  
professor i norsk og omsetjing ved Universitetet i Agder  
[sylfest.lomheim@gmail.com](mailto:sylfest.lomheim@gmail.com)